



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Tenesteutval for oppvekst og kultur  
**Møtestad:** Møterom Dalsfjorden, Rådhuset  
**Dato:** 10.01.2018  
**Tid:** 13.00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no), som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



## SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>	<b>Arkivsaknr.</b>
PS 1/18	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>	
PS 2/18	<b>Godkjennig av møteprotokoll frå forrige møte</b>	
PS 3/18	<b>Val av kommunale representantar til samarbeidsutval ved kommunale barnehagar og skular</b>	2015/2272
PS 4/18	<b>Handsaming av søknader om skuleplass i Hornindal kommune</b>	2017/2409
PS 5/18	<b>Søknad om utvida opningstid i Austefjord barnehage</b>	2017/1152
PS 6/18	<b>Orienteringssaker</b>	
OS 1/18	<b>Møtereferat SU Folkestad skule, 06.12.17</b>	2017/1783

**PS 1/18 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**PS 2/18 Godkjennig av møteprotokoll frå forrige møte**



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Håvard Strand

Arkivsak nr.: 2015/2272

Arkivkode: 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	10.01.2018

### VAL AV KOMMUNALE REPRESENTANTAR TIL SAMARBEIDSUTVAL VED KOMMUNALE BARNEHAGAR OG SKULAR

#### Administrasjonen si tilråding:

*TOK vel representantar og vararepresentantar frå kommunen til samarbeidsutvala ved kommunale barnehagar og skular i Volda for perioden 2018-2019:*

<b>Barnehage/skule</b>	<b>Representant</b>	<b>Vararepresentant</b>
<i>Austefjord barnehage</i>	<i>Henning Holsvik</i>	<i>Erlend Krumsvik</i>
<i>Engeset barnehage</i>	<i>Rebecca Riise Bjercknes</i>	<i>Eiliv Halkjelsvik</i>
<i>Folkestad barnehage</i>		
<i>Lauvstad barnehage</i>		
<i>Mork barnehage</i>	<i>Alf Jakobsen</i>	
<i>Oppigarden barnehage</i>	<i>Per Svein Krøvel</i>	<i>Idar Flo</i>
<i>Sollia barnehage</i>		
<i>Austefjord skule</i>	<i>Henning Holsvik</i>	<i>Erlend Krumsvik</i>
<i>Bratteberg skule</i>	<i>Per Svein Krøvel</i>	
<i>Dalsfjord skule</i>		<i>Inghild Remøy</i>
<i>Folkestad skule</i>		
<i>Mork skule</i>	<i>Alf Jakobsen</i>	<i>Janne Heggvoll</i>
<i>Vikebygda skule</i>	<i>Uthman Abu Harbid</i>	<i>Odd Martin Velsvik</i>
<i>Volda ungdomsskule</i>	<i>Inghild Remøy</i>	
<i>Øyra skule</i>		<i>Anne Lise Fredly</i>

#### Uprenta saksvedlegg:

Barnehagelova  
Opplæringslova

**Samandrag av saka:**

Ved konstituering etter valet i 2015, valde dåverande Driftstyre representantar til samarbeidsutvala i dei kommunale barnehagane og skulane. Etter det har ein lagt ned Driftstyret, og i staden oppretta TOK (tenestutval for oppvekst og kultur) og THO (tenesteutval for helse og omsorg). TOK har følgjeleg ansvaret for saker som vedkjem oppvekst, og i samband med dette er det ønskjeleg at representantane til samarbeidsutvala mest mogleg er faste medlemmar eller varamedlemer i TOK. Administrasjonen ser difor behovet for eit «nyval», der vi komplementerer mest mogleg listene med representantane frå TOK. Dei som i denne saka står oppført i tilrådinga som representant eller vararepresentant, vart valt frå Driftstyret etter konstitueringa etter valet hausten 2015.

Barnehagelova §4 seier at barnehageeigar kan vere med i samarbeidsutvalet etter eige ønskje, men ikkje med fleire representantar enn dei andre gruppene som er representerte. Volda kommune har ein politisk valt representant og ein vararepresentant i samarbeidsutvala til alle dei kommunale barnehagane.

Opplæringslova §11-1 seier at det i samarbeidsutvala ved skulane skal vere to representantar frå kommunen, der rektor er den eine.

TOK har fått delegerte saker under opplæringslova og barnehagelova, og skal slik velje representantane til samarbeidsutvala. Administrasjonen rår til at dei politisk valde representantane vert valde for heile den resterande valperioden, og at dei så langt som råd er medlemmer eller varamedlemer i TOK. Det har og vore praksis og eit ønskje at dei politisk valde representantane er busette i den aktuelle skulekrinsen – så langt det er råd.

**Vurdering og konklusjon:**

TOK vel representantar og vararepresentantar frå kommunen til samarbeidsutvala ved kommunale barnehagar og skular i Volda for perioden 2018-2019.

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Dei som vert valde til representantar og vararepresentantar  
Dei kommunale barnehagane og skulane  
Opplæring og oppvekst  
Servicekontoret



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Per Ivar Kongsvik	Arkivsak nr.:	2017/2409
		Arkivkode:	B31

---

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
4/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur Kommunestyret	10.01.2018

### HANDSAMING AV SØKNADER OM SKULEPLASS I HORNINDAL KOMMUNE

#### Administrasjonen si tilråding:

- 1. Administrasjonen vert gitt mynde til å ta avgjerd i saker der foreldre til born busette i Volda kommune søker om skuleplass i Hornindal kommune.*
- 2. Søknader om skuleplass i Hornindal skal vurderast i tråd med innarbeidd praksis i handsaming av søknader om skulebyte innan Volda kommune.*
- 3. Kostnader knytt til kjøp av skuleplass i Hornindal kommune fram til 2020 vert å innarbeide i budsjettet til opplæring og oppvekst.*

#### Uprenta saksvedlegg:

Intensjonsavtale mellom Volda og Hornindal kommunar

#### Samandrag av saka:

Oppvekstsjefen har den seinare tid fått spørsmål om mogelegheita for skuleplass i Hornindal for elevar busette i Volda kommune eller foreldre som ynskjer å busette seg i Volda kommune. Bakgrunnen for ønska er at borna/elevane har ei tilknytning til Hornindal som dei føresette ynskjer å oppretthalde. Det kan vere at borna går i barnehage eller på skule i Hornindal.

#### Saksopplysningar/fakta:

Oppvekstsjefen har den seinare tid fått spørsmål om mogelegheita for skuleplass i Hornindal for elevar busette i Volda kommune eller foreldre som ynskjer å busette seg i Volda

kommune. Bakgrunnen for ønska er at borna/elevane har ei tilknytning til Hornindal som dei føresette ynskjer å oppretthalde. Det kan vere at borna går i barnehage eller på skule i Hornindal.

#### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. Ein av strategiane i planen er å førebyggjande tiltak og tidleg innsats overfor barn og unge.

Overgangar kan vere kritiske tidspunkt for barn og elevar i barnehage og skule. Det er uheldig viss elevar må avbryte eit påbyrja skuleløp grunna flytting over ei kommunegrense som snart er historie. Det vert vurdert som eit førebyggjande tiltak at elevar som har byrja på skulen i Hornindal får halde fram der viss foreldra vurderer at det er til det beste for barnet.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Viss elevar som er busette i Volda kommune etter søknad får halde fram ved Hornindal skule, vil Hornindal ta betalt for skuleplassen. Til vanleg vil det koste det same som ein skuleplass i Hornindal kostar, jfr KOSTRA.

#### **Vurdering og konklusjon:**

I Volda kommune vert søknader om å gå på annan skule enn nærskulen til vanleg innvilga viss det ikkje påfører kommunen ekstra kostnader. I lys av at Volda og Hornindal har ein intensjonsavtale om at Austefjord og Hornindal skal utgjere ein skulekrins frå 2020, ser administrasjonen at det kan vere naturleg at søknader frå føresette som vurderer det som best for sine barn å byrje eller halde fram ved Hornindal skule, får sine søknader vurdert på same måte som søknader om å gå på annan skule enn nærskulen i heimkommunen.

Rådmannen rår difor til at administrasjonen vert gitt mynde til å ta avgjerd i saker der foreldre til born busette i Volda kommune søker om skuleplass i Hornindal kommune, og at slike søknader skal vurderast i tråd med innarbeidd praksis i handsaming av søknader om skulebyte innan Volda kommune.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Per Ivar Kongsvik  
oppvekstsjef

#### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Opplæring og oppvekst

#### **Klageinstans:**



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Per Ivar Kongsvik	Arkivsak nr.:	2017/1152
		Arkivkode:	A10

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
5/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	10.01.2018

### SØKNAD OM UTVIDA OPNINGSTID I AUSTEFJORD BARNEHAGE

#### Administrasjonen si tilråding:

- 1. Søknad om utvida opningstid i Austefjord barnehage våren 2018 vert ikkje imøtekomen.*
- 2. Søknad om utvida opningstid i Austefjord barnehage barnehageåret 2018/2019 vert å sjå i samanheng med sak om framtidig drift av barnehagen, som skal leggjast fram for politisk handsaming våren 2018.*

#### Vedleggsliste:

1. Søknad om utvida opningstid i Austefjord barnehage, dagsett 15.12.2017
2. Brev vedkomande Austefjord komande barnehageår, dagsett 15.12.2017
3. Vedtekter for dei kommunale barnehagane
4. Epost-korrespondanse mellom oppvekstsjef og leiar i SU, juni 2017

#### Samandrag av saka:

I brev til oppvekstsjefen og tenesteutval for oppvekst og kultur, dagsett 15.12.2017, klagar leiar i foreldrerådet ved Austefjord barnehage på handsaminga av ønske om utvida opningstid i barnehagen inneverande barnehageår, som vart sett fram i juni 2017. Samstundes vert det på ny søkt om utvida opningstid for våren 2018 samt for barnehageåret 2018/2019.



I eige brev viser leiar i foreldrerådet til informasjonsmøte, 23.11.2017, der oppvekstsjefen ga informasjon om kommunestyret sitt vedtak om å vurdere framtidig drift av barnehagen.

Foreldrerådet meiner det vil kome fleire søknader om barnehageplass enn det oppvekstsjefen har grunn til å tru. På bakgrunn av dette meiner foreldra at det ikkje må takast stilling til framtida til barnehagen før søkartala for neste barnehageår er kome på bordet.

### **Saksopplysningar/fakta:**

Vedtektene for dei kommunale barnehagane, sist vedteke av kommunestyret i 2014, regulerer opningstidene i dei kommunale barnehagane i Volda kommune. Desse vedtektene slår fast at maksimal opphaldstid i Austefjord barnehage skal vere 9 timar. Følgjeleg er opningstida i barnehagen 07.30 – 16.30.

I midten av juni 2017, sende konst. leiar i SU i Austefjord barnehage på vegne av foreldregruppa ein epost til oppvekstsjefen med ynskje om utvida opningstid frå kl 06.45/07.00 – 16.30. Ønsket var grunngjeve med at det er fleire foreldre som pendlar til jobb i Volda/Ørsta/Eid som tek til på arbeid mellom 07.15-08.00.

Innanfor handlingsromet personalressursen og tildelt økonomisk ramme gir, vart mogelegheitene til å kunne kome i møte ønsket vurderte.

Det er ti barn i Austefjord barnehage. Av desse er to heimehøyrande i Ørsta kommune. Til vanleg vil dette talet på barn utløyse ein personalressurs på 167 %.

Med omsyn til forsvarleg tilsyn og at barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd, har ein ikkje funne denne personalressursen tilstrekkeleg, og den er av den grunn auka med 50 %. I tillegg til dette kjem styrarressurs på 35 %. I lys av dette meiner oppvekstsjefen det er rett å seie at det etter måten vert satsa på eit godt barnehagetilbod i Austefjorden. Ei utviding av opningstida vil krevje endå større personalressurs, og det er det ikkje rom for innanfor tildelt økonomisk ramme.

Å strekke bemanninga meir for å utvide opningstida vert ikkje vurdert som forsvarleg. Ein konsekvens vil då bli at ein person vil vere åleine med borna frå klokka 14.00. Då skal ti born ha måltid, det skal ryddast etter måltidet og barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd.

I lys av dette vart det i juni 2017 gitt svar om at det ikkje var rom til å kome i møte ønsket om utvida opningstid.

Foreldrerådet ved Austefjord barnehage v. leiar Torgeir Høydal klagar på denne avgjerda, og ynskjer ei politisk handsaming av søknaden om utvida opningstid i barnehagen.

Det er to måtar å kome i møte ønsket om lenger opningstid:

1. Auke personalressursen
2. Strekke den personalressursen som er i barnehagen

Auka personalressurs vil auke kostnadene, og innanfor avsett ramme finn oppvekstsjefen ikkje rom til å utvide opningstida. Dersom tenesteutval for oppvekst og kultur støttar søknaden om utvida opningstid i Austefjord barnehage, må saka vidare til formannskapet sidan tiltaket vil krevje ei tilleggsføring.

Det er ikkje berekraftig å basere løpande drift på bruk av driftsfond. Kommunestyret har i gjeldande økonomiplan vedteke ein plan for innsparing og frigjerung av ressursar på om lag 32 mill i 4-årsperioden.

Kommunestyret har bede om ei vurdering av drifta av Austefjord barnehage. Oppvekstsjefen vil avvente søkartala for komande barnehageår før saka om framtidig drift vert lagt fram til politisk handsaming.

**Vurdering og konklusjon:**

Innanfor tildelt økonomisk ramme for den samla barnehagedrifta, finn oppvekstsjefen ikkje rom til å utvide opningstida i Austefjord barnehage.

Oppvekstsjefen finn det ikkje forsvarleg å strekke ut personalressursen for å auke opningstida i barnehagen.

Etter ei samla vurdering rår oppvekstsjefen til at søknaden om utvida opningstid i Austefjord barnehage ikkje vert imøtekomen.

Viss tenesteutval for oppvekst og kultur støttar søknaden om utvida opningstid, må saka sendast vidare til formannskapet, sidan tiltaket vil krevje ei økonomisk tilleggsføring.

I innleiinga av årsbudsjettet for 2018 peikar rådmannen på utfordringane Volda kommune står framfor. I 2018 vert drifta subsidiert ved bruk av om lag 17,9 mill i driftsfond. Likevel er driftsbudsjetta så stramme at rådmannen signaliserer at det inneber ein risiko for ubalanse i driftsåret.

Volda kommune må ta ned driftsnivået framover, og i årsbudsjettet vert det varsla ny organisering og færre skular og barnehagar. Staten signaliserer at kommunane må auke produktiviteten og effektiviteten for å møte komande utfordringar med auka demografi- og pensjonskostnader. Det desentraliserte tenestetilbodet vert utfordra av inntektssystemet der ein føreset at organiseringa av tenestene er tilpassa strukturendingane i demografi, busetting mv. Dei kommunane som ikkje gjer dette må finne dekning gjennom eigedomsskatt, ev i kombinasjon med å kutte i tilbodet innanfor andre tenestekområde. I alle høve er det avgjerande for å ha økonomisk styring at ein ser kommunen si drift under eitt der alle nye tiltak vert vurdert når ein handsamar budsjettet.

Per Ivar Kongsvik  
oppvekstsjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Opplæring og oppvekst  
Foreldrerådet ved Austefjord barnehage v. Torgeir Høydal  
Austefjord barnehage

**Klageinstans:**

Til Volda kommune

V/ oppvekstsjef og

Tenesteutval for oppvekst og kultur

Austefjord 15.12.17

Klage og ny søknad om utvida opningstid i Austefjord barnehage

I juni 2017 sendte foreldrerådet inn ein søknad til oppvekstsjef om utvida opningstid i Austefjord barnehage. Vi laga ei oversikt over kor mange barn det ville gjelde, og det var 4 barn.

Vi fekk dessverre eit «nei» på den søknaden.

I etterkant har nokre foreldre prøvd å finne ut korleis vi kan få eit politisk vedtak på ein slik søknad. Og eventuelt få til ei ordning på at kvar enkelt foreldre kan søkje om utvida opningstid til sitt barn slik vi er kjent med at dei blant anna har på Folkestad.

Då finn vi ut at det er ein slik søknad vi har skreve, og at ein slik søknad ikkje er oppvekstsjef åleine som skal svare på. Det skal opp til politisk handsaming. Vi vil difor klage på handsaminga av søknaden vi sendte inn i juni 2017.

Vi ønsker igjen å søke om endring av opningstid, frå kl.06.45-16.30.

Til komande barnehageår er det ut i frå tilbakemeldingar igjen foreldre til 4 barn som har behov for utvida opningstid på morgonen. Det vil seie at desse barna har foreldre som arbeider i turnus og som enkelte dagar startar arbeidet kl. 07.15. Då er det ønskeleg med opningstider i barnehagen, helst frå kl. 06.45, då det av erfaring ikkje er berre å sette frå seg barnet og fare. Det tek fort ei 5-10 minutt å levere, og deretter 15 minutt å kjøre til dømes til Volda sjukehus.

Nokon av foreldra pendlar til Volda/Ørsta, medan andre har lengre pendlardistansar som til Nordfjordeid. Dei fleste startar arbeidsdagen mellom 7.15-08. Det seier seg sjølv at med ei opningstid kl 07.30, er det eit fåtal som rekk jobb til rett tid. Velvilje fra arbeidsgivarane er heilt naudsynt.

Vi ønsker at denne søknaden skal opp til politisk vurdering og at Austefjord Barnehage kan få ei ordning der pendlarar og turnusarbeidarar kan få tilpassa opningstider i høve til jobb, der foreldra søker individuelt.

Ei slik ordning vil vere teneleg med at dei som allereie går der og andre som har dette som barnehage i sitt nærrområde vil kunne gå der i staden for å søke andre barnehagar.

Med venleg helsing

Foreldrerådet ved Austefjord barnehage

V/ leiar Torgeir Høydal

Til Volda kommune  
v/oppvekstsjef og  
Tenesteutval for oppvekst og kultur

Austefjord 15.12.17

Vedr. Austefjord barnehage

Viser til foreldremøtet den 23.november i Austefjord barnehage kor oppvekstsjef og fagkonsulent for barnehagane i Volda kommune kom og informerte om framtida for barnehagen.

Vi fekk opplyst at hovudbodskapet er at oppvekstsjefen har fått beskjed om å spare pengar. I innkallinga til foreldremøtet vart det skreve at «ut i frå det ein veit vert det berre 3-5 barn i Austefjord barnehage hausten 2018». På grunnlag av dette ser dei det som naturleg å foreslå ei nedlegging av barnehagen i Austefjorden.

Foreldra spurte kvar talgrunnlaget (3-5 barn) er henta frå. På det svarte oppvekstsjef og fagkonsulent at det var det dei sat inne med av informasjon så langt, også basert på at nokon har barna sine i andre barnehagar.

Foreldra opplyste om at til neste haust er grunnlaget for Austefjord barnehage 12 barn.

Vi vil her gi ei meir grundig oversikt:

Antall barn i Austefjorden i barnehagealder året 2018/2019:

Født 2013: 3 (1 i Høydalen, 1 på Fyrde, 1 på Kalvatn)

Født 2014: 1 (på Fyrde)

Født 2015: 3 (2 på Aurstad, 1 på Kalvatn)

Født 2017: 5 (2 på Kalvatn, 2 på Fyrde, 1 på Aurstad)

Fem av barna er under 3 år og vil telle for to. Eit barn er under to år det første halve barnehageåret.

Vi meiner at på grunnlag av barnetalet kan de ikkje legge ned tilbodet før søknadsfristen 1.mars. De må sjå an søkjartala før det tek slutningar om at foreldre ikkje vil nytte tilbodet.

I høve til det pedagogiske nemnde fagkonsulenten at det kan gå utover det pedagogiske tilbodet dersom ein barnehage vert for liten. Foreldra spurte barnehagepersonalet og dei synes dei har fått til eit godt pedagogisk tilbud i år med totalt 9 barn i barnehagen. Vi foreldra er også godt nøgde med det tilbudet barna våra har.

Vi foreldre er einige i at Volda kommune må avvende forslag om nedlegging av Austefjord barnehage til ein ser søkjartala for neste barnehageår. Skal kommunestyret fatte eit vedtak om barnehagen må det gjerast på RETT grunnlag, nettopp kor mange som søker.

Vi har ikkje teke med barnetala på Bjørke i oversikta ovanfor, då dei antyder at dei søker mot Hornindal frå 2018 dersom skuleelevane frå Bjørke skal dit.

Dersom Bjørke blir ein del av Nye Volda kommune i 2020, kan dei seinare likevel ha mulighet og også sjå fordelene med å velge Austefjord barnehage på vei til arbeid i Volda/Ørsta. Vi legg derfor med talet på barn på Bjørke som tidligare har vore ein del av barnegrundlaget i bygda både for skule og barnehage.

Født 2013: 2

Født 2015: 1

Født 2016: 1

Født 2017: 1

Vi vil også understreke viktigeita av at tilbudet oppretthaldast då barnehagen også har eit samarbeid med SFO på morgon og delvis på onsdagar då det ikkje er undervisning for dei yngste på skulen.

Grunnlaget for SFO skuleåret 2018/2019:

Født 2012: 4

Født 2011: 2

Født 2010: 3

Født 2009: 1

Med venleg helsing

Foreldrerådet i Austefjord barnehage

v/leiar Torgeir Høydal





# VOLDA KOMMUNE

## Opplæring og oppvekst

### VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I VOLDA KOMMUNE

Gjeldande frå 01.08.2014

Vedtekne av Volda kommunestyre i møte 11.02.77, SAK 14/77, ENDRA: 25.05.81 - K-sak 82/81, 19.12.85 - K-sak 208/85, 12.07.89 - F-sak 234/89, 28.06.90 - K-sak 109/90, 21.03.91 - K-sak 33/91, 29.04.92 - K-sak 57/92, 04.11.93 - K-sak 152/93, 01.02.96 - K-sak 12/96, 25.02.99 - K-sak 11/99. Ajourført pr. 01.01.01 p.g.a. ny administrativ organisering. Endra: K-sak 22/05, K-sak 71/05. Sist endra i K-sak 72/14.

#### §1 EIGARTILHØVE/ADMINISTRASJON

Barnehagane er eigd av Volda kommune, og vert administrert av sektor for opplæring og oppvekst. Driftsstyret er ansvarleg for drifta av dei kommunale barnehagane.

Vedtektene kan endrast av kommunestyret.

Barnehagane vert drive i samsvar med lov om barnehagar, føresegner og retningslinjer som kunnskapsdepartementet til ei kvar tid fastset, og i samsvar med kommunale vedtak.

#### §2 FØREMÅLET MED EIN BARNEHAGE

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta borna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Borna skal utfolde skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Borna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og dugleikar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnad.

Barnehagen skal møte borna med tillit og respekt, og anerkjenne barndomen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. Jf. barnehagelova §1.

#### § 3 FORELDRE RÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet er samansett av foreldra/ dei føresette til borna i barnehagen. Samarbeidsutvalet er samansett av representantar frå foreldra/føresette, kommunen og dei tilsette i barnehagen slik at kvar gruppe er likt representert.

Kommunen kan vedta å ha felles samarbeidsutval for skule og barnehage der barnehage og skule er knytta til same bygning.

#### § 4 OPPTAK

Opptak av born i dei kommunale barnehagane er delegert til oppvekstsjefen.

Ei opptaksgruppe samansett av administrasjonen, styrarane i kommunale- og ikkje-kommunale barnehagar samordnar og gjer hovudopptaket i mars månad.



## VOLDA KOMMUNE

### Opplæring og oppvekst

Born som fyller 1 år innan 1.september, har rett til barnehageplass.

Søkjjar må bu i Volda kommune seinast 1.august same år, dersom rett til barnehageplass skal gjelde.

Born som flyttar til andre kommunar i løpet av året, vil miste plassen i barnehagen.

Alle som får tildelt barnehageplass får behalde plassen ut barnehageåret det året dei startar på skule.

For nye søkjarar er søknadsfristen 1. mars kvart år. Det må søkjast på elektronisk søknadsskjema, som ein finn på Volda kommune si heimeside.

Søkjarar som meiner dei har rett til plass under opptakskriterium 1 eller 2 må sende inn fråsegn frå sakkunnig instans pr. post til Opplæring og oppvekst før 1.mars.

Søknadar som kjem inn etter søknadsfristen den 1. mars, må vurderast etter klagefristen for hovudopptaket.

For opptak til dei kommunale barnehagane i Volda skal opptakskriteria ha fylgjande prioritering:

1. Born med nedsett funksjonsevne, jf. lov om barnehagar §13.
2. Born som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstjenester §§4-12 og 4-4, andre og fjerde ledd.
3. Born med særlege tilpassingsvanskar, sjukdom og/eller sosiale vanskar hjå føresette eller andre i familien.
4. Born av einslege forsørgjarar
5. 5- åringar.
6. Søsken til barn i same barnehage.
7. Born som går i barnehagen frå før og søker utvida plass.
8. Born som har vanskelege bu - og leiketilhøve (t.d. mangel på leikekameratar, stor trafikk, ope vatn).
9. Andre årsaker.

Born som ynskjer overflytting til anna barnehage i Volda, vert så langt som råd imøtekome i samband med hovudopptaket.

Ved elles like kriterier vil det eldste barnet bli prioritert.

Barnetalet i barnehagane vert fastsett etter føresegnar til lov om barnehagar.

Ved hovudopptak kan søkjar klage over avslag på søknad om barnehageplass. Søkjar kan og klage dersom ein verken får sitt første eller andre ønske oppfylt.

Ved supplerande opptak, kan berre søkjarar til barnehagen med lovfesta rett til prioritet etter barnehagelova § 13 klage dersom dei ikkje får tilbod om plass i den aktuelle barnehagen.

Klage på opptak i dei kommunale barnehagane skal sendast til Opplæring og oppvekst.

#### **§ 5 FORELDREBETALING**

Betalingssatsane vert regulert av lov om barnehagar gjennom føresegn om foreldrebetaling i barnehagar. Kommunestyret skal godkjenne betalingssatsane i dei kommunale barnehagane. Kostpengar kjem utanom den månadlege foreldrebetalinga. Det vert betalt for 11 månader pr. år.





## **VOLDA KOMMUNE**

### **Opplæring og oppvekst**

Får barnet tildelt plass innan den 15. i mnd., må ein betale for heil månad. Får barnet tildelt plass etter den 15. vert det betalt for halv månad. Juli månad er betalingsfri.

Kommunen har syskenmoderasjon i barnehagane, men det vert ikkje gjeve syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning.

Det vert krevd full betaling sjølv om barnet er fråverande grunna sjukdom/ andre årsaker. Betalingsfritak kan gjevast ved langvarig sjukefråvær etter søknad i kvart enkelt tilfelle.

Oppseiingstida for barnehageplassar er ein månad rekna frå den 1. i påfylgjande månad.

Dersom born ikkje skal gå i barnehage etter 1. mai, må foreldra seie opp plassen før 1. april. Vert plassen sagt opp etter 1. april, må ein betale ut juni månad.

Oppseiing kan gis av kommunen ved manglande betaling. Dei føresette får melding om oppseiing med 1 månads frist. Uteståande foreldrebetaling vil elles bli lagt til grunn som avslag på plass ved seinare barnehageopptak og opptak til skulefritidsordningar.

#### **§ 6 OPNINGSTIDER**

Barnehageåret gjeld frå veke 32 til og med veke 31 året etter.

Barnehagen si daglege opningstid skal vere i samsvar med den godkjenning som er gitt for den enkelte barnehage, og innanfor gjeldande rammer. Opphaldstid og kva plasstypar som vert tilbode kan variere noko frå barnehage til barnehage.

Borna si opphaldstid i barnehagen er maks 9 timar pr. dag.

Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage har ei opningstid på 10t og 15 min pr. dag. Føresette med eit reelt behov i samband med pendling, kan etter avtale med styrar nytte seg av dette. Elles skal borna ikkje ha lengre opphaldstid enn maks 9 timar pr. dag.

Barnehagane er opne 5 dagar i veka, med unntak av jul- og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open fram til kl. 12.00. Dersom det er færre enn 5 påmeldte i romjula og påskeveka, vert barnehagen stengt.

Barnehagane har felles barnehagetilbod i veke 28. Det vil variere kven av sentrumsbarnehagane som har ope. Føresette vil få informasjon om dette i god tid før fristen for å melde inn når borna skal ha sommarferie.

Alle barnehagane har feriestengt i veke 29 og 30.

I løpet av barnehageåret har alle barnehagane stengt 5 planleggingsdagar. Dagane vert gjort kjent i starten av barnehageåret. Desse dagane vert rekna med i det årlege barnehagetilbodet som kommunen kan tilby. Dagane skal nyttast til å styrke kvaliteten på tilbodet og å heve kompetansen til personalet.

#### **§ 7 FERIE**

Alle born i barnehagen må ha minst 4 veker ferie i løpet av eit barnehageår, derav 3 veker samanhengande om sommaren. Born som skal starte på skule, skal avvikle ferien før nytt barnehageår startar.

Borna sin sommarferie må vere fastsett innan 01.05 inneverande år.



## **VOLDA KOMMUNE**

### **Opplæring og oppvekst**

#### **§ 8 LEIKE - OG OPPHALDSAREAL**

Norm for leike - og opphaldsareal er 4 kvm pr. born over 3 år, og 5,5 kvm pr. born under 3 år.

#### **§ 9 INTERNKONTROLL**

Styreren i barnehagen er ansvarleg for oppfylging av internkontrollrutiner i sin barnehage. Kvar barnehage skal arbeide ut rutiner for å sikre ein god kvalitet på barnehagetilbodet og for å hindre at barna vert utsett for ulykker i barnehagetida.

#### **§ 10 TEIEPLIKT OG OPPLYSNINGSPLIKT**

Alle tilsette i barnehagane har teieplikt jf. forvaltningslova §§ 13 til 13 f.

Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta og barneverntenesta slik det står i barnehagelova §§ 21 og 22.

#### **§11 POLITIATTEST**

Alle som arbeider i barnehage skal legge fram tilfredstillande politiattest før tilsetting.

Jf. barnehagelova §19.

#### **§12 HELSE**

Før eit barn startar i barnehage, skal det leggst fram erklæring om barnet si helse. Dersom barnet har møtt til ordinære undersøking på helsestasjonen, kan slik erklæring gis av føresette på eige skjema.

Dersom ikkje, må føresette legge fram helseattest frå lege.

#### **§13 FORSIKRING**

Volda kommune har kollektiv ulykkesforsikring for borna i barnehagen.

Saman med styrar har eg og fagkonsulent sett på moglegeheitene til å kome førespurnaden i møte. Som eg har skrive før, har vi ikkje budsjettdekning til å auke personalressursen for å kome dette i møte.

Det er barnetalet i barnehagen som utløyser personalressursen. Det vi ser er at barnetalet i seg sjølv ikkje løyser ut stor nok personalressurs til det vi vurderer som ei forsvarleg bemanning gjennom barnehagedagen. Det vil seie at vi innanfor det eksisterande tilbodet vi gir må ha ei bemanning som er noko høgare enn det barnetalet tilseier.

Det gir oss difor enno mindre handlingsrom, og etter gjennomgang av saka ser vi ikkje å kunne kome i møte dykkar ynskje om utvida opningstid i barnehagen.



**Per Ivar Kongsvik**

*Oppvekstsjef*

*Opplæring og oppvekst*

*Mobil 90536757*

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

---

**Fra:** Kjell Rune Førde [mailto:forde83@hotmail.com]

**Sendt:** 13. juni 2017 22:27

**Til:** Per Ivar Kongsvik

**Emne:** SV: Spm om utvida opningstid i Austefjord barnehage

Hei

Her er tilbakemeldingar frå foreldre som ynskjer utvida opningstid på morgonen kl. 0650, evt. kl. 0700;

Måndag 3-5 ungar

Tysdag 1-3 ungar

Onsdag 1-3 ungar

Torsdag 3-5 ungar

Fredag 1-3 ungar

Variablane er på grunn av fleire som jobbar i turnus/skule/jobbsøking.

Ein av ungene måndag og torsdag vil bruke barnehagen som SFO. Dette har blitt praktisert siste åra.

Foreldregruppa ser helst at det i ei periode kunne vore utvida opningstider for å sjå situasjonen an til hausten. Likevel ser ein at måndag og torsdag er dagar der flest har eit reelt behov, der ein ynskjer opningstid, helst kl. 0650, evt. kl. 0700.

Forstår at det er krevande i fht personalressursar, men at ein kan kome dei som treng det i møte.

Mvh

Kjell Rune Førde

---

**Fra:** Per Ivar Kongsvik <[Per.Ivar.Kongsvik@volda.kommune.no](mailto:Per.Ivar.Kongsvik@volda.kommune.no)>

**Sendt:** 12. juni 2017 08:03

**Til:** Kjell Rune Førde

**Kopi:** Bodil Brautaset; Nina Hovden Eidheim; Synne Buer

**Emne:** SV: Spm om utvida opningstid i Austefjord barnehage

Dette skal gå gjennom meg. Når vi får dykkar oversikt vil eg ta det med styrar, som vil sjå kva som er mogleg innanfor dei rammene ho må halde seg til.

Vi vil sjå kva som er råd å få til, men eg håper eg ikkje skaper for høge forventningar. Som eg skriv har vi ikkje budsjettdekning for å auke personalkostnadene, og med ei såpass lita personalgruppe er det også avgrensa kor mykje den kan strekkast.

Tida er også litt knapp. Eg går ut i ferie komande fredag, så oversikta bør kome så snart som råd.

**Per Ivar Kongsvik**

Oppvekstsjef

Opplæring og oppvekst

Mobil 90536757

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)



[Volda kommune](http://www.volda.kommune.no)

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

Fredag 9. juni vert dei kommunale barnehagane stengt, grunna planleggingsdag for dei tilsette.

---

**Fra:** Kjell Rune Førde [<mailto:forde83@hotmail.com>]

**Sendt:** 11. juni 2017 20:50

**Til:** Per Ivar Kongsvik

**Emne:** SV: Spm om utvida opningstid i Austefjord barnehage

Hei

Takk for tilbakemeldinga, skal prøve å kartlegge behovet. Er det personalgruppa ein bør ta saka vidare med, eller er det gjennom deg?

---

**Fra:** Per Ivar Kongsvik <[Per.Ivar.Kongsvik@volda.kommune.no](mailto:Per.Ivar.Kongsvik@volda.kommune.no)>

**Sendt:** 9. juni 2017 16:50

**Til:** [forde83@hotmail.com](mailto:forde83@hotmail.com)

**Kopi:** Bodil Brautaset; Nina Hovden Eidheim; Synne Buer

**Emne:** Spm om utvida opningstid i Austefjord barnehage

**Du har skrive:**

Hei

Foreldregruppa ved Austefjord barnehage ynskjer å søke om endring av opningstid til kl 0645- 1630 eller kl 07- 1630. Dette med bakgrunn i at det er fleire av foreldra som pendlar til jobb i Volda/ Ørsta/ Eid osv og byrjer på jobb kl 0715-08.

Ein er kjent med at Folkestad og Lauvstad barnehage har ei ordning der pendlarar kan få tilpassa opningstider i høve til jobb, der foreldra søker individuelt. Foreldregruppa ved Austefjord barnehage ønsker fast endring av opningstida sidan det er fleire av foreldra som har behov for dette.

Om søknaden vert behandla og imøtekomen, vil dette vere teneleg med at dei som allereie går der og kjem til å sokne til barnehagen vil kunne gå der, istadenfor å måtte søke andre barnehagar.

Kan De gje meg ei fortløpande tilbakemelding på korleis vi skal søke om dette, og kven denne skal sendast til?

Med venleg helsing

Kjell Rune Førde, Konstituert SU leiar Austefjord barnehage

**Svar:**

Det er rett at det i Folkestad og Lauvstad barnehagar er opning for at føresette med eit reelt behov for det kan få nytte seg av utvida opningstid i barnehagen. Denne ordninga har vore politisk handsama.

Vi har ikkje budsjettdekning for å auke personalressursen i Austefjord barnehage for å utvide opningstida. Alternativet måtte vere å strekke den personalressursen vi har i dag, og vi vil i tilfelle måtte gå inn og vurdere om det:

1. Er praktisk mogeleg
2. Om vi finn det forsvarleg med omsyn til vaksentettleiken

Eg kan pr no ikkje love noko, men det kunne vore interessant å få vite kva det relle behovet er. Kor mange foreldre gjeld dette som har barn i Austefjord barnehage, kva er det relle behovet for utvida opningstid og evt kva dagar i veka det er behov for utvida opningstid.

Innafor dei rammene vi har handlingsrom vil vi leite etter løysingar, men sidan vi er så nært inn i ferien og personaressursen er dimensjonert og disponert, gir det avgrensa rom for endringar.

**Per Ivar Kongsvik**

*Oppvekstsjef*

*Opplæring og oppvekst*

*Mobil 90536757*

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)



[Volda kommune](http://www.volda.kommune.no)

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

Fredag 9. juni vert dei kommunale barnehagane stengt, grunna planleggingsdag for dei tilsette.

## **PS 6/18 Orienteringssaker**



VOLDA KOMMUNE  
FOLKESTAD SKULE  
6120 Folkestad tel: 70059620  
[rektor.folkestad@voldaskulen.no](mailto:rektor.folkestad@voldaskulen.no)



Folkestad, 07.12.17

## Referat frå møte i samarbeidsutvalet 06.12.17

Desse møtte: Hege Helland, Kjetil Knutsen (foreldrerepr.), Thomas Busker Larsen, Camilla Kongsvoll (lærarrepr.), Dorcas Mokulu (elevrepr.), Odd Johan Fremmerlid (representant for øvrige tilsette), Tom Erik Bogen (skrivar og representant for kommunen).

Desse kunne ikkje møte: Erlend Bjørneset (elevrepr), Hild Våge (kommunerepr.)

### **Sak 1: Konstituering**

Val av leiar: Hege Helland

Val av nestleiar: Odd Johan Fremmerlid

### **Sak 2: Godkjenning av ordensreglane**

Ordensreglane vart godkjent utan endringar

### **Sak 3: Orientering frå rektor om kommunale satsingar og skulen sin økonomi.**

Rektor orienterte om dette:

#### IKT -2017

- 2017 – det er investert ca kr 1,5 mill i infrastruktur på skular og barnehagar i Volda (kabling, sendarar, antenner, accesspunkt) og maskinvare (Ipad til alle elevar i 1.-4.klasse, ny pc til alle lærarane i Volda, oppgraderte pc-ar på klasseroma og til elevane på datarom), og kompetanseheving for tilsette.
- Kommunen gått inn i IKT-samarbeid med 6 andre kommunar. (Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Ørsta og Volda) Serverløysing er lokalisert på Hareid som driftar nettverket.
- Alle kommunale pc-ar er del av SSIKT (Søre Sunnmøre IKT)
- Stor omveltning for alle skulane, vi har i haust opplevd ein god del «barnesjukdomstrøbbel» med tilgangar og nett, og at vi har hatt nokre elevmaskiner for lite.
- Ipad inn i 1.-4.klasse har ført til store endringar i delar av undervisninga .

#### IKT – 2018/2019

- Kommunen held oppe investeringane og kjem til å bruke over 2 mill.kr på investeringar
- Ipad til alle elevar 5.-7.klasse
- Elevar og tilsette tek i bruk google- kontoane gjennom SSIKT.
- Chrome-books/pc til alle ungdomsskuleelevar
- Kompetanseheving og kursing av lærarar

## Kvalitetsplanen



- Nytt styringsdokument utarbeidd vinteren 2016- 2017 for oppvekstsektoren som vi er forplikta til å følge. Kvalitetsplanen finn du ved å gå inn på «voldaskulen.no» og velje «dokumenter og informasjon» og deretter «kvalitetsplan» i menyen til venstre, eller ved å følge denne lenka: [Kvalitetsplan Volda kommune - opplæring og oppvekst](#)
- Visjonen: Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistrar og lærer
- Kvalitetsplanen byggjer på dei 4 utarbeidde verdiane: Raus – modig - kompetent – lærande

### **EPC-prosjektet** (Enøk-prosjekt som omfattar 20 kommunale bygg i Volda kommune)

- Det er investert ca 2,6 mill.kr på oppgradering av Folkestad skule. (Nye vindauge og dører, 3 stk varmepumper, nytt ventilasjonsanlegg med varmegjenvinning i bassenget, nytt styringssystem for varme og ventilasjon)
- Arbeidet er på det næraste fullført.
- Styring av varme og ventilasjon vil fleksibelt kunne styrast frå sentral i Volda eller frå PC som vaktmeister har.
- Mykje betre kontroll og oversikt over energiforbruk og kostnader.

### **Økonomien i skuledrifta**

Skulen har gjennom IKT-og EPC-prosjekta fått tilført mykje ekstra, og det er vi glade for. Elles er driftsøkonomien i skulen stram, men akseptabel. Ingen dramatiske kutt eller endringar dette skuleåret anna enn at vi må drive på litt sparebluss no mot slutten av budsjettåret 2017.

### **Sak 4: Nærmiljøanlegg – status og framdrift**

Vi er over halvvegs i prosjektet. Dei tre største tinga, taubane, trampoline og multifunksjonsapparat er på plass. Det har vore utført mykje flott dugnadsinnsats. Dei to siste apparata, balanselina og supernova-karusell, må kome opp til våren. Vi har brukt ca kr.160.000,- (inkl.mva) så langt. Kommunen har forskottert noko, men det aller meste har så langt blitt dekkja opp av eigenkapitalen vår. I og med at nærmiljøanleggsøknaden ligg i



prioritert kø, vert søknaden fornya ved nyttår, og då kan ein rekne med at utbetaling av spelemidlane kjem i juni.

#### **Sak 5: Lys mellom hovudvegen og skulen**

Dette er ein sak som har vore oppe gjentekne gongar tidlegare utan at noko har skjedd. I den mørke årstida er det altfor dårleg opplyst på busshaldeplassen for elevane, og det same gjeld vegen opp mot skulen. Vi har hatt fleire tilfelle der elevar og lærarar har snubla og ramla på grunn av dette. Ein lærar skadde seg også i fallet no i haust. Seinast for nokre veker sidan hadde vi eit tilfelle der ein elev var nær ved å bli påkøyrd av minibussen. Ein del av årsaka til dette var den dårlege belysninga.

Vedtak: Rektor lagar ei skriftleg sak som vert sendt til teknisk sjef Rune Totland med kopi til oppvekstsjef. I saka peikar ein på helse, miljø og sikkerheitsrisikoen den dårlege belysninga utgjer. I tillegg legg ein ved eit kartutsnitt med forslag til ei praktisk løysing der ein kan hente straum frå trafoen som står tett attmed busshaldeplassen.

Så får ein ta det derifrå.

#### **Sak 6: Ymse**

To ting vart teke opp:

1. Dugnad før 17.mai – Her var det snakk om ein generell rydde- og stelledugnad av uteområdet der det er nyttig å vere mange. Det var eit ønskje om at skulen kalla inn til ein slik dugnad før 17.mai.
2. Rekkverk/gjerde på vegen frå skulen opp mot kraftverket. På delar av denne vegstubben er det farleg bratt rett ned i elva. Her kan fort skje ulukker. Det er ønskje om å få på plass glidekant der det er farlegast. Det vart gjort følgjande vedtak: Rektor og vaktmeister tek ei grundig synfaring og sender inn eit konkret ønskje om lengde på glidekant til teknisk sektor.

Referent: Tom Erik Bogen



26

